

Fusa kommune ligg i Hordaland fylke, i distriktet Midthordland, og har ca. 3750 innbyggjarar. Frå kommunesenteret Eikelandsosen er reisetida til Bergen knapt 1 time. Kommunen har full barnehagedekning og skuletilbod som omfattar vidaregåande skule. Kommunen er kjent for sin vakre og varierte natur; frå innlandet med høge fjell og fiskevatn til fjordlandskapet med ei strandline på 137 km. Om sommaren er dette eit ettertrakta mål for båtfolket.

**Verdigrunlaget i Fusa kommune er ROMSLEG - Respekt - omsorg - modig - samarbeid - løysingsorientert - engasjert - godt humør.**

## **Ledige stillingar ved Fusa oppvekstsenter frå 01.08.10:**

1. 50 % fast **SFO- leiar**. Avd. skule.
2. 30 % vikariat, 01.08.10-31.07.11, **førskulelærer**. Avd. skule.
3. 50 % vikariat, 01.08.10-31.07.11, **kontormedarbeider**. Med datakompetanse.
4. Ca 60 % vikariat, 01.08.10-31.07.11, **pedagogisk leiar**. Avd. barnehage.
5. Ca 60 % vikariat, 01.08.10-30.04.11, **assistent**. Avd. barnehage.
6. Det kan bli ledig inntil 100 % vikariat, 01.08.10-31.07.11, **pedagogisk leiar**. Avd. barnehage.

Fusa oppvekstsenter søker løysingsorienterte medarbeidarar med handlekraft!

**Spørsmål om stillingane kan rettast til:**

**Undervisningsinspektør Anne-Merete Mærli Hellebø, tlf. 56 58 24 57.**

***Der ikkje anna er oppgitt gjeld følgjande:***

- *personlege eigenskapar vert vektlagd*
- *tilsetjing på vanlege kommunale vilkår, etter gjeldande reglement, lov- og avtaleverk*
- *du vert tilsett i Fusa kommune med arbeidsstad for tida i den eininga som går fram av utlysingsteksten*
- *gyldig politiattest vert kravd etter gjeldande retningslinjer i arbeid med born og psykisk utviklingshemma*
- *arbeidsområde, oppmøtestad m.m. kan verta endra*
- *vikariat og engasjement kan verta forlenga og i nokre tilfelle verta faste.*
- *arbeidstakarar må ha førarkort og disponera bil*
- *for tenestereiser arbeidstakar føretekk for arbeidsgjevar, gjeld til ei kvar tid det kommunale reiseregulativ sine føresegner og satsar*
- *ein kan kombinera stillingar der tilhøva ligg til rette for det, etter vurdering frå arbeidsgjevar*
- *stillinga kan verta delt opp etter vurdering frå arbeidsgjevar*
- *ved intern tilsetjing, kan det verta ledig anna fast stilling, vikariat eller engasjement i Fusa kommune. Dersom du er søker til ei slik stilling, må det gå fram av søknaden din. Det kan også verta ledige vikariat og vi treng tilkallingsvikarar i kommunen.*

Søknad med CV skal skrivast på kommunen sitt søknadsskjema som du finn her på heimesida [www.fusa.kommune.no](http://www.fusa.kommune.no) <<http://www.fusa.kommune.no>> under Søknadsskjema eller du kan få det ved å ta kontakt med Kommuneetnet, tlf. 56580100. Det må gå fram av søknaden kva stilling du søker på. Søknad, vedlagt kopi av attestar og vitnemål, skal sendast Fusa kommune, Postboks 24, 5649 Eikelandsosen.

Vi ber og om at søknaden vert sendt elektronisk til: [postkasse@fusa.kommune.no](mailto:postkasse@fusa.kommune.no)

**Søknadsfrist: 23.04.10.**